



ADU Ingeniør Atle D. Utkilen
Boks 75
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar: Ingjerd Haugen
Vår: 15/488 - 15/12123

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

18.06.2015

Avklaring prosess samt møtereferat mm. - endring av reguleringsplan for Mjåtveitmarka - eigedom 22/221 m.fl.

Me hadde 4.6.2015 formøte på vårt kontor for å drøfte endring av del av Mjåtveitmarka, eigedom 22/221 m.fl.

Me avtalte i møtet at kommunen skulle kome med ei endelege tilbakemelding ang. prosess og prisantying.

Prosess:

Administrasjonen vurderer at det lyt kunngjerast oppstart av reguleringsendringa.

For å sikre at endringa er tilstrekkeleg opplyst, og slik at det så tidleg som mogeleg kan avklarast om det kan kome innvendingar, er det viktig at varselbrev/annonse inneheld ei grundig skildring av kva endringa går ut på.

Endringa inneber m.a. ei justering av plangrensa og justering av formålsgrenser.

Administrasjonen vurderer at endringa kan behandlast som ei mindre endring dersom det ikkje kjem vesentlege innvendingar frå myndigheiter eller berørte parter.

Endringa kan likevel måtte gjennomførast som ei full reguleringsendring dersom berørte myndigheiter eller enkeltpersoner har innvendingar mot endringa.

Blir endringa gjennomført som mindre endring, altså utan at det er kontroversielt, kan planskildringa avgrensast til ei nærare skildring av kva endringa går ut på, avviket frå den gjeldande planen og kva konsekvensar endringa vil få.

Prisantying:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Me viser til gebyrregulativet vår som de finn på heimesida vår:

<http://www.meland.kommune.no/plan-utbygging-og-kommunalteknikk.298756.nn.html>

Mindre endring av reguleringsplan har ein sats på kr. 12 400,-, jf. regulativet pkt. 7.2.2.

For ordinær behandling av reguleringsplan er det trinnvis betaling og reglar og satsar for tilleggsarbeid dersom kommunen må utføra slike i høve motteke utkast, før saka blir fremma for offentleg utlegging, jf. pkt. 7.1. fft.

Me legg elles ved møtereferat , sjå vedlegg.

Ta kontakt ved spørsmål.

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

MØTEREFERAT

Kopi til:

Noralv Askeland

Mottakere:

ADU Ingeniør Atle D. Utkilen

Boks 75

5953

FONNES